



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommunal- og moderniseringsministeren

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/5623-11

25. mai 2020

Vesentleg innvending til vedteken regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter for Sogn og Fjordane

Vi viser til dykkar brev 26. november 2019 med oversending av vesentleg innvending til regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter i Sogn og Fjordane. Den regionale planføresegna blei vedteken i fylkestinget 8. oktober 2019. Fylkesmannen i Vestland varsla vesentleg innvending til planføresegna i brev 6. november 2019. Departementet skal etter plan- og bygningslova § 8-4 andre ledd, jamfør § 8-5 andre ledd, avgjere saka, og kan i samband med dette gjere naudsynte endringar i føresegna.

Innvendinga frå Fylkesmannen i Vestland gjeld eit tillegg i punkt 1.3 i føresegna, som er utforma slik: «Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS område)».

Fylkesmannen meiner den vedtekne handelsføresegna er i strid med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Fylkesmannen grunnjev dette med at ei føresegn som opnar for fleire sentrumsområde vil føre til sentrumsspreiing og auka bilbruk. Fylkesmannen meiner dette kan ha store konsekvensar for dei etablerte sentera i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen peikar i tillegg på at endringa ikkje er konsekvensutgreidd, og at ho ikkje har vore send på høyring, noko som er i strid med sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova. På bakgrunn av dette har fylkesmannen kravd at saka blir send departementet for endeleg avgjerd.

I etterkant av innvendinga frå fylkesmannen, var saka den 25. november 2019 oppe til orientering i fylkesutvalet for Sogn og Fjordane. Det vart då uttrykt frå politisk hald at ein ikkje

er samde i at den vedtekne planføresegna er i konflikt med dei statlege planretningslinjene, ut frå Sogn og Fjordane sin situasjon.

Kommunal- og moderniseringsministeren kalla inn til eit møte om saka 11. mars 2020. Frå Vestland fylkeskommune deltok fylkesordførar Jon Askeland og fylkesrådmann Rune Haugsdal. Fylkesmannen stilte med sakshandsamar og næraste leiar.


I møtet uttrykte Vestland fylkeskommune forståing for innvendinga frå fylkesmannen, ettersom den omstridde endringa ikkje oppfyller krava til sakshandsaming i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen opplyste at dei truleg kjem til å setje i gang ein ny prosess for å få sams føringar i heile det nye Vestland fylke. På bakgrunn av dette var det semje om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender saka i retur utan å ta stilling til realitetane, slik at Vestland fylkeskommune kan gjere ei fornya vurdering. Formelt inneber dette at det omstridde tillegget til punkt 1.3 i føresegna ikkje blir godkjend.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 8-4 andre ledd, jamfør § 8-5 andre ledd, godkjenner ikkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet tillegget i punkt 1.3 i regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter for Sogn og Fjordane, vedteke av Sogn og Fjordane fylkesting 8. oktober 2019, som Fylkesmannen i Vestland har innvending til. Saka blir send i retur for fornya handsaming i Vestland fylkeskommune.

Føresegna elles gjeld i samsvar med vedtaket i Sogn og Fjordane fylkesting 8. oktober 2019.

Med helsing



Nikolai Astrup

Kopi

Fylkesmannen i Vestland